

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I KVAM IL FOR 2007

Tid: 12. februar 2008
Stad: Klubbhuset i Kvam Idrettspark.

Til stades:

Olav Røssum, Anja Solberg, Irene Østli, Vigdis Kjørum, Lisa Rustli, Tone Sidsel Sanden, Ingvild Selfors, Jan Tore Kamp, Egil Myhre, Arne Harald Morstøl, Linda M Eide, Rolf Egil Krok, Kari Aase Haugom, Ola Røssummoen, Ola Aspeslåen, Torunn Sigstad, Guro Selfors Lund, Knut Håvard Meldal, Ole-Petter Brendstuen.

Referat:

Sak 1: Godkjenning av stemmerettar til dei frammøtte

Vedtak: godkjent

Sak 2: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: godkjent

Sak 3: Val av møteleiar, sekretær og to til å skrive under i møteprotokollen

Valde: Møteleiar : Olav Røssum

Sekretær: Ole-Petter Brendstuen

Underskrifter: Anja Solberg og Ola Røssummoen

Sak 4: Godkjenning av årsmeldingar frå hovudstyre og grupper

Styrets årsmelding vart lese opp av leiaren i styret.

Vedtak: årsmeldingane vart godkjente.

Sak 5: Rekneskap for Kvam IL for 2007

Olav Røssum la fram rekneskapet.

Rekneskapet var revidert og tilrådd godkjent av revisor Fron Regnskapskontor.

Vedtak: rekneskapet vart godkjent.

Rekneskap for Kvamhytta for 2007

Egil Myhre fra styret i Kvamhytta orienterte om rekneskapet.

Vedtak: rekneskapet vart tatt til orientering.

Sak 6: Innkomne forslag

Forslag vedrørende endring av eigarskap til Kvamhytta. Følgjande avtaleforslag vart lagt fram:

1. Foreldrerådet ved Kvam skule gir med dette sin del av Kvamhytta, gnr. 324, bnr. 6 fnr. 1 i Nord-Fron kommune, til Kvam idrettslag vederlagsfritt.
2. Overdraginga omfattar både fast eigedom og lausøre.
3. Foreldrerådet ved Kvam skule har etter dette ingen økonomiske rettar eller økonomiske plikter knytt til Kvamhytta, med unntak av pkt. 4 og pkt. 5 nedanfor.

4. Foreldrerådet ved Kvam skule har rett til å bruke Kvamhytta gratis i to veker pr år. I dette inngår nødvendig bruk for elevar ved Kvam skule i samband med undervisinga.
5. Foreldrerådet ved Kvam skule skal sjå til at hytta blir vaska grundig innvendig minst 2 gonger pr år.
6. Ved framtidig sal av hytta, har foreldrerådet ved Kvam skule forkjopsrett til hytta. Verdien på forkjopsretten blir fastsett etter takst.
7. Avtala gjeld frå dags dato.
8. Avtal skal tinglysast. Kostnader ved tinglysing skal belastast Kvam idrettslag.

Vedtak: Årsmøte i Kvam IL vedtok forslaget til avtale med følgjande endringar:

1. *Foreldrerådet ved Kvam skule gir med dette sin del av Kvamhytta, gnr. 324, bnr. 6 fnr. 1 i Nord-Fron kommune, til Kvam idrettslag vederlagsfritt.*
2. *Overdraginga omfattar både fast eigedom og lausøre.*
3. *Foreldrerådet ved Kvam skule har etter dette ingen økonomiske rettar eller økonomiske plikter knytt til Kvamhytta, med unntak av pkt. 4 nedanfor.*
4. *Foreldrerådet ved Kvam skule har rett til å bruke Kvamhytta gratis i to veker pr år. I dette inngår nødvendig bruk for elevar ved Kvam skule i samband med undervisinga.*
5. *Ved framtidig sal av hytta, har foreldrerådet ved Kvam skule forkjopsrett til hytta. Verdien på forkjopsretten blir fastsett etter takst.*
6. *Avtala gjeld frå dags dato.*
7. *Avtala skal tinglysast. Kostnader ved tinglysing skal belastast Kvam idrettslag.*
8. *Ved eventuelt opphør av Kvam idrettslag tilfaller Kvamhytta foreldrerådet ved Kvam skule.*

Styret fekk fullmakt til å bruke juridisk bistand til å sikre at verdiane til hytta blir i bygda ved eventuell nedlegging av Kvam IL, jfr punkt 8.

Kvam IL legg avtala fram for foreldrerådet ved Kvam skule når den er heil klar.

Sak 7: Kontingent for 2008

Vedtak:

<i>Familie</i>	<i>kr. 150,-</i>
<i>Enkeltmedlem:</i>	<i>kr. 50,-</i>

Sak 8: Budsjett for 2008

Olav Røssum la fram styret sitt framlegg til budsjett for 2008.

Dagleg leiar orienterte om mulighetene for økt satsing i samband med økte utgifter i budsjettforslaget.

Vedtak: budsjettet vart vedteke.

Sak 9: Val.

Presentert av leder Olav Røssum på vegne av valkomiteen.

Vedtak:

Fullstendig valliste:

Hovudstyret:

Olav Røssum,	Leiar	1 år	På val i 2009
Tone Sidsel Sanden		2 år	På val i 2010
Ingvild Selfors		2 år	På val i 2010
Ola Aspeslåen		1 år	På val i 2009

Allidrett:

Anja Solberg	Leiar	1 år	På val i 2009
Heidi Evjenth Holen		2 år	På val i 2010

Fotball:

Irene Østlie	Leiar	1 år	På val i 2009
Ole Morten Resvoll		1 år	På val i 2009
Gunn Lien		2 år	På val i 2010
Knut Håvard Meldal		2 år	På val i 2010
Vigdis Kjørum		1 år	På val i 2009
Anette Storbråten		2 år	På val i 2010
Jan Tore Kamp		2 år	På val i 2010

Handball:

Guro Selfors Lund	Leiar	2 år	På val i 2010
Anja Solberg		2 år	På val i 2010
Unni Resvoll		1 år	På val i 2009
Hege Meldal		1 år	På val i 2009

Ski:

Lisa Rustli	Leiar	2 år	På val i 2010
Vegard Killi		2 år	På val i 2010
Jostein Kamp		2 år	På val i 2010
Torunn Sigstad		2 år	På val i 2010
Arne Harald Morstøl		1 år	På val i 2009
Ingar Eide		1 år	På val i 2009

Kvamhytta:

Egil Myhre		1 år	På val i 2009
Linda Myromslien Eide		1 år	På val i 2009

Valkomite:

Mai-Britt Øybrekken	Leiar	3 år	På val i 2011
Anne Hagen Krok		1 år	På val i 2009
Anne Marte Kamp		2 år	På val i 2010

Bygdahuset:

Tor Olsen
Morten Halling
Ole-Petter Brendstuen

Nord-Fron idrettsråd:

Ingvild Selfors
Ola Aspeslåen

Revisor:

Fron Regnskapskontor

Leiar Olav Røssum retta ein stor takk til valkomiteen for svært godt arbeid.

Sak 10: Eventuelt

Torunn Sigstad og Kari Aase Haugom vart overrakt blomster som takk for godt arbeid med ski og håndball dei siste åra. Torunn og Kari Aase går ut av styret og blir erstatta med henholdsvis Lisa Rustli og Guro Selfors Lund.

Knut Håvard Meldal orienterte om utviklinga i Fron FK. Klubben er vedtatt nedlagt på årsmøte, men det må ekstraordinært årsmøte til innan 3 månader som med minst 2/3 flertall må bekrefte vedtaket før nedlegging kan skje. Samarbeidslaga i yngres avdeling i kommunen fungerer fortsatt på ein svært god måte.

Torunn Sigstad orienterte om Fronssamarbeidet i langrenn. Representantar for skigruppene i Kvam, Tormod og Harpefoss er satt ned i ei arbeidsgruppe for å finne ein god samarbeidsmodell for utøvarar som ønskjer å satse meir på idretten. Utøverane skal framleis representere sine klubbar, men ha fleles treningsopplegg. Kvar klubb blir kontakta vedrørande å stille økonomiske midlar til disposisjon for samarbeidet.

Olav takka for godt møte og heva årsmøtet kl 22.25

Underskriftar:

Anja Solberg

Ola Røssummoen

Olav Røssum (leiar)